

KULTURDEPARTEMENTET

Postboks 8030 Dep
0032 Oslo

postmottak@kud.dep.no

D. ref.: 11/673

Oslo, 1. februar 2013

Høring – forslag til endringar i lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument

Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening (NFF) har mottatt Kulturdepartementets invitasjon av 10. desember 2012 om å levere høyringsfråsegn om saka som er nemnd ovanfor. NFFs merknader følgjer nedanfor.

1.

I dagens forskrift til lova heiter det at «eit dokument skal avleverast i den forma det vert gjort allment tilgjengeleg i» (§ 1). NFF har merka seg at departementet med endringsforslaget opphevar denne fråsegnen, då det heiter at «Digitalt grunnlagsdokument kan krevjast i tillegg til utgjevingsmedium» (lovforslaget § 4, vår utheving: NFF). I saksframstillinga kommenterer departementet det nye tillegget i lovteksten som «(En endring) som pålegger utgiver å avlevere digital fil i tillegg til den form dokumentet blir gjort allment tilgjengeleg i» (høyringsnotatet s. 11 *et passim*, vår understreking: NFF). NFF er samd i endringa slik den blir omtala i kommentaren, og les den tilsynelatande meiningsskilnaden (jfr. uthevingane) mellom dei siterte passasjane som ein utilsikta nyanse, noko som bør rettast opp.

Når departementet såleis foreslår å utvide avleveringsgrunnlaget monaleg, er det etter NFFs syn umåteleg viktig at bruksvilkåra blir klårt definerte og avgrensa. NFF legg vekt på at legitime behov for forskning og dokumentasjon blir stetta samstundes som faren for uautorisert spreiding av digitale dokument blir minimalisert så langt råd er. For det første er NFF samd i departementets forslag om at «det digitale, pliktavleverte materialet kan benyttes som grunnlagsmateriale for språklige korpus som kan inngå i Språkbanken» (høyringsnotatet s. 9), og ser behovet for å harmonisere vilkåra i pliktavleveringslova med overlappende vilkår i åndsverklova med tilhøyrande forskrift. NFF tenkjer her konkret på drøftinga i Ot.prp. nr. 46 (2004-2005) om endringane i åndsverklovas § 16 og 16a, som særskilt regulerer tilgangen til pliktavlevert materiale (sjå ss. 82f og 118). NFF vil ikkje tilrå noka utviding i bruksvilkåra ut over det som her er fastsett.

På den andre sida kan ein få det inntrykket at departementet stundom i drøftinga ser for seg ei viss utviding av bruksområdet for pliktavlevert materiale, - både når det gjeld tilgangen til terminalar i

lokala til universitets- og høgskolebibliotek og ved innføring av sju fjernbrukslisensar for tilgang utanfor desse lokala. Nokre døme:

- I høyringsnotatet blir det skissert eit system der forskarar skal bruke datamaskin med IP-adresser registrert ved norske universitet og høgskular. NFF forstår dette slik at det er forskarar (inkl. mastergradsstudentar, om vi skjønar departementet rett) som er tilsette eller har tilhald ved universitet og høgskular som skal kunne bruke desse lisensane. Etter NFFs syn definerer ein her omgrepa forskar/forskning langt vidare enn det som er intensjonen med lovas formål om forskning og dokumentasjon. Som nemnt ovanfor meiner NFF at ei slik utviding er utilrådeleg.
- Uklårt kan det òg verke kva ein legg i omgrepet *lisens*. Skal det krevast passord m.m. som sikrar at ikkje andre enn forskarar tar i bruk IP-adressene ved institusjonane og såleis får tilgang til pliktavlevert materiale? Eller skal tilgangen vere «fri»? Éin ting er lisensar som gir tilgang til enkeltverk. Men kva med forskarar som treng tilgang til digitale basar for å søke etter relevant forskningstilfang som dei ikkje kjenner identiteten til i utgangspunktet? Skal dei sju fjernbrukslisensane dekke også slike behov?
- Med di departementet tenkjer seg tilgang til pliktavlevert materiale via IP-adresser ved institusjonane (men òg utanfor biblioteklokala), er det ein reell fare for (mis)bruk til andre formål enn forskning og dokumentasjon. Det er uklårt kva kontrollmekanismar departementet ser for seg, men eitt er uomtvisteleg: mangelfull kontroll mot uautorisert bruk aukar faren for kopiering og vidaresending av materialet som er stilt til rådvelde. Nettopp slike kontrollregime er vesentlege for å sikre den normale utnyttinga av verna materiale. NFF kan ikkje sjå at departementet tematiserer slike uheldige verknader ved forslaget.

Den uvissa som såleis er skapt, er venteleg reell, og NFF tilrår at departementet fjernar henne alt no når den reviderte lova skal gjerast ferdig. NFF har òg merka seg at visse sider ved avleveringsplikta og bruken av pliktavlevert åndsverk kan bli nærmare regulert gjennom forskrift (lovforslaget § 4, 4. lekken), men reknar då med å komme tilbake til eventuelt utfyllande merknader.

2.

NFF har med stor interesse og utbytte lese departementets drøfting av arbeidet med å hauste digitalt tilfang av mangfeldt teknisk og opphavsrettsleg karakter. Her blir det i høyringsnotatet veksla saumlaust mellom viktige kulturpolitiske omsyn og praktiske løysingar. Frå NFFs synsstad er det særleg viktig at personvernprinsippa blir poengterte så sterkt som departementet legg til grunn, og at omsynet til «informert samtykke» blir varveitsla på ein god måte. Departementet skriv:

Lovgiver må avveie det kulturhistoriske perspektivet mot behovet for et tilstrekkelig personvern. Kulturdepartementet mener at den beste løsningen er å åpne for høsting og lagring av all allmenn tilgjengelig informasjon, men samtidig gi strenge regler om tilgangsbegrensning til personsensitivt materiale, rett til tilsvar og en mulighet for klausulering eller i noen tilfeller sletting av særlig personsensitivt materiale. (S. 31)

NFF er samd i denne oppsummeringa.

3.

NFF har ved andre høve peika på at i kjølvatnet av innføringa av digital pliktavlevering, bør det vurderast om det ville vere tenleg å etablere ein nasjonal standard for digitalt lagringsformat. Ei slik standardisering kan lette tilgang og bruk av digitale dokument, den vil monaleg redusere

konverteringskostnadene, og er truleg samfunnsøkonomisk lønsam. NFF hadde venta at denne sida ved saka vart drøfta i endringsframlegget, og ber om at departementet tar initiativ til ei avklaring.

Vennleg helsing,
Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening



Trond Andreassen
Generalsekretær

Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening er ei fagforeining for forfattarar og omsetjarar av faglitteratur. Foreininga sikrar medlemmenes faglege og økonomiske interesser gjennom forhandlingar om avtalar med offentlege og private institusjonar om vilkår for utgjeving og bruk av faglitteratur, om vederlagsordningar m. v. NFF arbeider også for å fremje god faglitteratur, styrkje norsk skriftspråk og tryggje yringsfridomen i eit internasjonalt perspektiv. Foreininga har om lag 5 500 medlemmer